

KOPC'

BJØRN DYRKOLBOTN  
 Dyrhovden 2A  
 5993 Ostereidet  
 Tlf: 97948817  
 E-post: bdyrko@online.no

Ostereidet 27.02.2017.

Lindås Kommune  
 Teknisk Drift, Vei  
 Kvernhusmyrane 20  
 5914 Isdalstø

Linds Kommune sin referanse: 16/2812 – 17/2072 / 201114-0-752/2011

**SØKNAD OM VASSFORSYNING OG AVLØPSHANDTERING FOR UTSKILJING  
 AV BUSTADTOMT FRÅ  
 Gbnr 233 / 105, Dyrhovden 2A på Ostereidet**

Underteikna fekk i 2011 godkjent dispensasjon til frådeling av ein bustadtomt på min eigedom gbnr 233 / 105, Dyrhovden 2 på Ostereidet (vedlegg A1 – A2).

Eg hadde då tre års frist til å få gjennomført kartforretning.

Diverre lot eg tillatinga til frådelinga på ut på dato.

Eg har no starta arbeidet med på nytt få godkjent frådelinga.

Før frådeling på nytt kan behandlast, må eg på nytt ha uttale frå teknisk drift om vann- og avløpsløyising for bustadtomten den søkes utskiljing for.

**Eg søker med dette om dei naudsynte uttalingar / tillatingar for vann- og avløpsløyising**

Vedlagte teikningar D1 – D4 synleggjer kordan vassforsyning og avløpshandtering er tenkt bli løyst i forbindelse med den omsøte utskilte bustadtomt.

**Avløp**

Eksisterande godkjente private avløpsanlegg blei godkjent i Lindås Formannskap 12.03.98.

Dokumentert i vedlegg Q5 – Q11

Pr i 27.02.17er det 2 stk bustader kopla til det eksisterande avløpsanlegget, nemleg meg sjølv i Dyrhovden 2 (gbnr 233 / 105), samt min bror i Dyrhovden 4 (gbnr 233 / 136).

Dette er også synleggjort på vedlagte teikningar vedlegg D1 – D4

På teikningane er det synleggjort eksisterande slamavskiljar.

Det eksisterande avløpsanlegget er opparbeida av meg sjølv i Dyrhovden 2 (gbnr 233 / 105), samt min bror i Dyrhovden 4 (gbnr 233 / 136).

Me som eigarar av den private slamavskiljaren, Dyrhovden 2 (gnr 233 / bnr 105), samt Dyrhovden 4 (gnr 233 / bnr 136), er blitt fakturert av Lindås Kommune for tømning av slamavskiljaren sidan denne blei montert tidleg på 2000-talet.

Det føreligg ingen privat avtale om vedlikehald av avløpsanlegget.  
Dette blir ivareteken av eigarane, min bror eg meg sjølv.

Då me i 1988 fekk tillating til opparbeide det private avløpsanlegget, var ein av forut setnadane at anlegget skulle dimensjonrast slik at andre kunne knyte seg til (dokumentert i vedlegg Q9)

No når eg i søknad av 27.02.17 søker om å skilje ut ein ca 1 dekar stor bustadtomt frå min eigedom, gbnr 233 / 105, søles det med dette knyte seg til vårt private spillvassanlegg.

Søknadsskjema er vedlagt som vedlegg Q12 – Q13

Ved oppføring av bustadhus på den no omsøkte utskilte ca 1 dekar store tomten, vil det bli montert slamavskiljar inne på tomten, jmfir vedlegg D2.

Overløpsledning frå slamavskiljaren omsøkes knyta seg til vårt eksisterande spillvassanlegg.

Syner til teikningar vedlegg D1 – D4.

Tinglyst rettighet for å gå over naboeigedom led spillvassledning, dokumenterast i vedlegg Q2.

Vedlegg Q2 syner også tinglyst rett til å reparaasjon og ettersyn på spillvassledningen, den viser rett til å eventuelt montera slamavskiljar, samt rett til bygging av veg for reparaasjon og vedlikehald.

Å knyte seg til offentleg spillvassanlegg i området, er ikkje aktuelt.

Dette på grunn av det lang avstand, grøfter må gå i offentleg veg, og det er ikkje sjølvfall.

Å foreta så omfattande kostnader for ein bustadtomt, vill ikkje vera rekningssvarande.

Det er veg fram til eksisterande slamavskiljar.

Som også redgjort for ovanfor, eigarar av denne private slamavskiljaren,

meg sjølv i Dyrhovden 2 (gnr 233 / bnr 105), samt min bror i Dyrhovden 4 (gnr 233 / bnr 136),

blir fakturert av Lindås Kommune for tømning av slamavskiljaren.

På framtidig bustadtomt, utskilt frå gnr 233 / bnr 105, vil det sjølv sagt bli kjørbar veg fram til slamavskiljar.

Vedlegg 012 – Q13 er søknad om utslepp datert 27.02.17.

### **Vassforsyning**

Tilkobling til vatn for den omsøkte utskilte bustadtomt, er planlagt som synt på vedlagte teikning D2.

Min private vassledning, som er tilkobla offentleg vassforsyning, passerer punkt som synt på teikning D2.

Tinglyst rettighet framkjem av vedlegg Q2.

Vedlegg C1 – C5 er dokumentasjon for at eg i 2011 fekk dei nødvendige løyse då eg den gongen søkte om utskiljing av bustadtomten.

Eg ber om at tilbakemelding på min anmodning om utvida bruk av den eksisterande avkjøsel, vert sendt direkte til Byggesaksavdelinga i Lindås Kommune, med å visa til referanse 16/2812 – 17/2072.  
Kopi til underteikna.

- Vedlegg A1 – A2 : Godkjenning av delingssøknad datert 22.02.2011.
- Vedlegg C1 – C5 : Utsleppsløyve datert 01.02.2011, i f.m. delingstillatinga av bustadtomten i 2011.
- Vedlegg D1 – D4 : Situasjonsplan / Teikningar
- Vedlegg Q1 – Q4 : Nabovarsel
- Vedlegg Q5 – Q11 : Byggjetillating av bustad og privat spillvassanlegg dimensjonert for 7 bustader.
- Vedlegg Q12 – Q13 : Søknad om utslepp datert 27.02.17.

Med helsing

B. D.

---

Bjørn Dyrkolbotn